
Fra: Inger Lena Gåsemyr <Inger.Lena.Gasemyr@hfk.no>
Sendt: torsdag 19. juli 2018 15.27
Til: Gro Jensen Gjerde; firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no; post@hardangerradet.no; Kommunane i Hordaland - Alle; Postmottak Regionrådet; post@regionradetvest.no; Solbakken, Anita
Kopi: Atle Ove Martinussen; randi.bartvedt@hvm.museum.no; admin@baroniet.no; Marianne L Nielsen; Sigurd Sandmo; director@kodebergen.no; 'Stig Stark-Johansen'; Per Kristian Sebak; director@kodebergen.no; Geir Netland; hp@sunnhordland.museum.no; Signe Ekeland; 'Kulturdepartementet'; post@kulturradet.no; postmottak@ra.no; David J Aasen Sandved
Emne: Tilskotsordninga Museumsløft - Hordaland fylkeskommune - søknadsfrist 20. august 2018

Hei,

Tilskotsordninga «Museumsløft», med søknadsfrist 20. august 2018, skal styrke dei konsoliderte musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015.

I år kan kommunar og regionråd, i tillegg til dei konsoliderte musea, søkje midlar til tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige. For meir informasjon om tilskotsordninga, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/museumsloft-2016/>

Dette er ein del av oppfølginga av rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland» handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017, som mellom anna omhandlar kva dei ti konsoliderte musea i Hordaland får i offentlege tilskot frå stat, fylke og kommune. Eitt av måla med museumsreforma var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. Det er variasjon i kor stor grad dei enkelte musea har oppnådd museumsreforma si økonomiske målsetting. Dei konsoliderte musea i Hordaland ligg lågare enn resten av landet når det gjeld tildeling av statlege tilskot. Det må difor gjerast eit løft for å få auka det statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland. Det må òg gjerast eit arbeid for å auke det kommunale tilskotet og synleggjere dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet, særleg knytt til arbeid opp mot kommunane og sivilsamfunnet i Hordaland.

Viser elles til saksframlegget *Museumsreforma i Hordaland - dei konsoliderte musea - offentlege kommunale tilskot - fordeling stat, fylke, kommune* med saksprotokoll, handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling, PS 57/2018, 24.04.2018, og i Fylkesutvalet, PS 105/2018 03.05.2018, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=812>

Viser og til saksframlegget *Statlege tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland* med saksprotokoll handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling, PS 57/18, 24.04.2018, og i Fylkesutvalet, PS 140/2018 31.05.2018, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=813>

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom dykk har spørsmål om tilskotsordninga eller elektronisk søknadsskjema.

Helsing

Inger Lena Gåsemyr
Fagkoordinator - Museum og utvikling
Fylkeskonservatoren | Kultur- og idrettsavdelinga

